

**Formannskapet i Gol gjorde vedtak i sak om samarbeid/ tilskot til NM2009 den 27.11.2008:  
Både vedtak og saksutgreiing med rådmann si tilråding kan du lese nedanfor:  
Vedtaket er i samsvar med Rådmann si saksutgreiing og tilråding, sjå endå lengre nede:**

63/08 08/2178

GOL IL SKØYTEGRUPPA - SØKNAD OM SAMARBEID /TILSKOT NM 2009

**Behandling:**

NM blir avvikla 20.-21.desember i 2008, men mesterskapet er for 2009. Mesterskapet omfattar mesterskap for menn og kvinner, senior.

Samrøystes

**Vedtak:**

Gol kommune løyver kr. 40.000,- til Gol IL Skøytegruppa, som støtte til avvikling av NM allround 2009. Beløpet løyvast frå næringsfondets frie kapital.

Dette er eit svært gledeleg resultat, også fordi vi får ei økonomisk anerkjenning av kommunen for det arbeidet vi har og framleis skal leggje ned i dette NM for å profilere både Gol og Hallingdal, og strevet vårt for å gjere NM til noko meir enn berre idrett. Eg trur i all beskjedenhet på vegne av skøytegruppa at dette er historisk i Gol's idrettshistorie: Aldri før har idretten og idrettsarrangement i Gol vore definert inn under næringsfondet!

For det er jo faktisk det dette dreier seg om:

Idrett = kultur er også næring, i alle fall i ein reiselivsdestinasjon som Gol og Hallingdal!

Og på 12-13 år har skøytegruppa i Gol arrangert 4 NM, eit uttall NC-løp, og saman med Hol IL arrangert Hallingdalskarusellen i ca 35 år. Det fortel at Hallingdal er "vinterlandet", og vinterlandet er både ski, kvit snø og skøyter og glatt is.

I dei tider vi no går inn i, kan det jo vere bra med nytenking også på næringsområdet.

Per- Helge Myklebust  
- NM- hovedkomitéen -

Og her er rådmann si saksutgreiing/ tilråding:

Saksopplysningar:

Gol IL Skøytegruppa skal arrangere NM allround på skøyter for 2009. Stemnet er tildelt av NSF og omfattar både kvinner, menn og senior. Stemnet omfattar og enkeltdistanse 5000m for kvinner og 10000m for menn. Stemnet avvikles 20-21 desember 2009, og er uttaking til EM i januar 2009. For meir informasjon om stemnet og arbeidet Gol IL har lagt ned visar eg til vedlegg 1.

Radio Hallingdal har meldt interesse for å sende direkte frå NM. Skøytegruppa arbeider med å få til TV-innslag frå stemnet.

Gol IL Skøytegruppe vil gå ut og tilby alle skuleelevar i Gol gratis inngang til stemnet.

Overordna plan:

Miljøkonsekvensar:

Økonomi:

Gol IL har søkt om tilskudd frå Gol kommune på kr. 40.000,-. Tilskuddet er ikkje knytt opp imot ein konkret post i budsjettet, men går med til å dekkje dei totale kostnadene. Gol IL har bedt Gol kommune om å vere vertskap saman for Skøytegruppe på NM-banketten som skal vere om kvelden den 20. Kostandene med banketten er dekkja i budsjettet. Skøytegruppa har skaffa seg fleire andre sponsorarar i næringslivet på Gol. ECO er hovudsponsor.

Vurdering:

Gol IL Skøytegruppa har gjort eit godt arbeid med å få NM til Hallindal og Gol. Utøvarane i Hallingdal dominerar i nasjonal målestokk. Det er og mange lovande utøvere blant dei yngste. NM vil vere ein inspirasjon for heile organisasjonen og for den generelle skøyteinteressa i Hallingdal. Samsundes vil stemnet vere ein god anledning til å markere Gol og Hallingdal som reiselivsområde, samt at stemnet vil vere positivt for næringslivet på Gol.

Rådmannen vurderer det slik at det er riktig å gje tilskudd til avvikling av NM. Dette er eit viktig tiltak både for idrettsinteressa i Hallingdal og for Gol som samfunn. Skøytegruppa har jobba hardt for å skaffe seg private sponsorar, og tilskuddet dei ber om frå Gol kommune er ikkje stort.

Framlegg til vedtak:

Gol kommune løyver kr. 40.000,- til Gol IL Skøytegruppa, som støtte til avvikling av NM allround 2009. Beløpet løyvast frå næringsfondets frie kapital.

Gol, 7. november 2008  
Hege Mørk, rådmann